

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/16/04

av 14. mai 2003

om godkjenning av den planen som er lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i visse område i Belgia(*)*[meldt under nummeret K(2003) 1529]***(Berre den franske og nederlandske teksta er gyldig)**

(2003/363/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2001/89/EF av 23. oktober 2001 om fellesskapstiltak for bekjempelse av klassisk svinepest⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 1, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I november 2002 vart det stadfesta utbrot av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i Belgia.
- 2) I lys av den epidemiologiske situasjonen har Belgia lagt fram ein plan for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei aktuelle områda i Belgia.
- 3) Den framlagde planen er vorten granska og funnen å vere i samsvar med føresegnene i direktiv 2001/89/EF, og bør difor godkjennast.
- 4) Av omsyn til klarleiken bør det i dette vedtaket gjevast opplysningar om dei geografiske områda der utryddingsplanen skal gjennomførast.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Den planen som Belgia har lagt fram for utrydding av klassisk svinepest hjå viltlevande svin i dei områda som er nemnde i vedlegget, er godkjend.

Artikkel 2

Belgia skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å gjennomføre den planen som er nemnd i artikkel 1.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Kongeriket Belgia.

Utfërda i Brussel, 14. mai 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 124 av 20.5.2003, s. 43, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 92/2004 av 9. juli 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantasemitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 23.12.2004, s. 3.

(¹) TEF L 316 av 1.12.2001, s. 5.

VEDLEGG

Det området i Belgia som ligg mellom:

- motorvegen E 40 (A3) frå den tyske grensa fram til krysset med vegen N 68,
 - vegen N 68 sørover til Eupen og vidare via Aachenstraße fram til krysset med Paveestraße,
 - Paveestrasse fram til krysset med Kirchstraße,
 - Kirchstraße og deretter Bergstraße og Neustraße fram til krysset med vegen Olengraben,
 - vegen Olengraben og deretter Haasstraße fram til krysset med Malmedystraße,
 - Malmedystraße og deretter vegen N 68 sørover fram til krysset med vegen N 62,
 - vegen N 62 austover og sørover fram til krysset med motorvegen E 42 (A 27),
 - motorvegen E 42 (A 27) fram til den tyske grensa.
-